

Tips kånn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45

Always Hangs Left på Fjoset

Outlaw country-bandet Always Hangs Left spelar på PizzaFjoset komande laurdag kveld. Bandet spelar coverlåtar av blant anna Waylon Jennings, Merle Haggard, Hank jr., Travis Tritt, Southern Pacific, Eagles, Rolling Stones og fleire til, og har også eit par eigenkomponerte låtar i ermet. Rykte skal ha det til at bandet faktisk har øvingslokale

i ein grisebinge til vanleg. Det er dermed ein god sjanse til å oppleve bandet i sitt rette element når dei inntek Fjoset laurdag. Bandet består av: Christian Pallesen (vokal/gitar), Rolv Åsmund Saga (gitar), Snorre Kløcker (piano), Sondre Haugen (trommer/vokal) og Stian Dalen (bass/vokal). Bandet vant talentkonkurransen «Sjøormcountry» 2014.



Med eit fjell i midten. Det har blitt harselert med at Lifjell rundt er ein kommune med eit fjell i midten. No er faktagrunnlaget klart og politikarane må bestemme seg for om ein vil gå vidare med ideen eller ikkje.

«Lifjell rundt» klar

No er rapporten frå forstudiet Lifjell rundt klar. I rapporten er fakta om dei seks kommunane som deltek samla. 29. januar skal alle kommunestyra behandle rapporten.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Her er det ekstremt mykje nyttig dokumentasjon, det er viktig. Alle seks kommunane er veldig godt tilfreds med rapporten, seier ordførar Olav Kasland.

Samling rundt eit fjell

Lifjell rundt har vore eit begrep sidan i fjor vinter. Då samla ordførar Jørn Christensen i Notodden representantar for alle kommunane rundt seg til eit møte der temaet var om ein var interessert i å vurdere ei mogleg samanslåing av kommunane rundt Lifjell.

Det første møtet var Tinn med

på, men kommunen hoppa av med ein gong etter det. Etterpå har Nome kome inn. Fagfolk har også harselert med ideen om ein kommune med eit fjell i midten.

Politikarane som møttest på Notodden bestemte at ein skulle gjere eit forstudium. Ifølgje rapporten skal forstudiet avklare blant anna vedtaka som er gjort i kommunane, ulemper og fordelar, korleis ein skal involvere innbyggjarane, økonomiske forhold, prosessen vidare og Stortinget sine kriterium.

Vegen vidare

– Rapporten kan brukast til å sjå på om det er interessant å gå vidare, seier Per Dehli.

Han er rådmann i Seljord og har vore prosjektansvarleg for arbeidet. Prosjektleiari har vore Erling Rønnekleiv i Midt-Telemarkrådet.

Det har også vore ei styringsgruppe samansett av dei seks ordførarane, ei prosjektgruppe

der rådmennene har sete og ei referansegruppe med tillitsvalde og hovudverneombod som medlemmar.

Samlar fakta

Blant faktainformasjonen ein finn i rapporten er stipulert utvikling i folketal, sysselsetjing, analyse av pendling og fakta om næringsliv. Det er også sett på økonomien i kommunane og korleis ein ligg an i forhold til kvarandre.

– Det har eigentleg ikkje kome fram noko ein ikkje visste før. Rapporten viser at kommunane eigentleg er ganske like. Me er alle generalist-kommunar og jobbar med dei same oppgåvene, seier Dehli.

Han understrekar at dette er eit forstudium. Dersom politikarane bestemmer seg for å gå vidare så blir det i eit forprosjekt.

– Det skal det takast stilling til i kommunestyra. Alle kommunane skal ha møte på same

tid, 29. januar klokka 18, seier Dehli.

Planen var opphavleg at Lifjell rundt skulle opp på siste kommunestyremøte før jul, men det har vorte endra.

– For meg kunne me gjerne hatt saka oppe på siste møtet før jul slik planen var, men det føregår andre utgreiingar og nokre av dei andre ville ha det klart når ein fatta vedtak, seier Kasland.

Det gjeld blant anna ei utgreiing om samanslåing av Vest-Telemark-kommunane.

Sårbare kommunar

– Hadde det vore enklare å fatte vedtak om ein også visste kva kommunane skal gjere i framtida?

– Det har vore noko av kritikken mot kommunereforma. Eg ville gjerne vite det, men me veit kva me driv med i dag og der er me altfor sårbare, meiner Kasland.

Han trekkjer fram eksempel

som at ein i Seljord kommune har ein person som betalar ut løn og i Bø har ein ein kommuneplanleggar.

Folkemøte kjem

Korleis ein skal involvere innbyggjarane er eit av tema i rapporten. Kasland opplyser at ikkje alt er klart, men det blir folkemøte i kommunen sin regi. Det blir først etter kommunestyremøtet 29. januar.

– Me må vite kva kommunestyret vil først, seier Kasland.

Rapporten ligg på heimesida til Midt-Telemarkrådet på nett.